

Årsrapport 2014

Norsk Utanrikspolitisk Institutt



Utgiver: Norsk Utanrikspolitisk Institutt
Copyright: © Norsk Utanrikspolitisk Institutt 2015

Adresse: C.J. Hambros plass 2d
P.O. Box 8159 Dep.
NO-0033 Oslo
Internett: www.nupi.no
Epost: info@nupi.no
Fax: [+ 47] 22 99 40 50
Tel: [+ 47] 22 99 40 00

Årsrapport 2014

Utgitt av NUPI – Norsk Utanrikspolitisk Institutt

Innhald

I.	Direktørens utsyn	4
II.	Melding frå styret	6
III.	Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
	Viktige satsingsområde og hovudmål	7
	Kommentarar til rekneskapen	8
	Finansiering	8
	Medarbeidarar	9
IV.	Aktivitetar og resultat gjennom året	10
	Arbeidsmål 1 – forskning og utgreiing	10
	Arbeidsmål 2 – kommunikasjon og formidling	13
	Arbeidsmål 3 – intern drift	16
	Andre saker – rapporteringskrav i tildelingsbrevet	17
V.	Styring og kontroll i organisasjonen	19
	Styret i NUPI	19
	Organisasjon og leiging	19
VI.	Vurdering av framtidsutsikter	21
	Risikovurdering	22
VII.	VII. Årsregnskap 2014	24
	Resultatrekneskap 2014	24
	Balanse 31.12.2014	25
	Balanse 31.12.2014 (framhald)	26
	Kontanstrømoppstilling etter den direkte modellen	27
	NUPIs årsrekneskap 2014 – kommentar	28
	Rekneskapsprinsipp	29
	Notar til rekneskapen	34
VIII.	VII. Årsrapport om likestilling	41
	Likestilling mellom kjønna	41
	Iverksette og planlagde likestillingstiltak	45

I. Direktørens utsyn

2014 var eit spennande år. Året var prega av at vi markerte den norske grunnlova og utbrotet av første verdskrigen. Fleire regionale og globale hendingar gjorde i tillegg året meir dramatisk enn mange hadde venta. Vi såg ei alvorleg endring i tilhøvet mellom Russland og Vesten, vidare kollapsa statssystema i Midtausten, og vi fekk ein endra global orden.

Den geopolitiske risikoen har auka, og negative hendingar har vorte meir sannsynlege. Det er små utsikter til ei snarleg løysing på krisene, delvis fordi vi står overfor eit strukturelt skifte globalt. Omveltingane viser at det er eit stort behov for gode analysar, og NUPI opplever også auka etterspurnad etter vår eigen kompetanse og kunnskap.

NUPI har ei todelt samfunnsoppgåve: For det første skal vi drive solid akademisk forskning på internasjonal politikk og vilkår som er viktige for norsk utanrikspolitikk. Vi skal òg medverke til å styrkje den allmenne forståinga av internasjonale tilhøve, og ta del i den offentlege debatten. All aktivitet som NUPI driv, er styrt av tre prinsipp: kvalitet, relevans og truverde.

2014 har vore eit år med ein del endringar i norsk forskingspolitikk. Forskringsrådet presenterte strategien sin for instituttsektoren, og vi fekk langtidsmeldinga om norsk forskning. Utanriksdepartementet har òg sett i gang arbeid med å tydeleggjere forskingsstrategien. Hovudbodskapen er at NUPI og instituttsektoren må bli endå flinkare til å levere på samfunnsoppdraget sitt. Vi må sikre høg fagleg kvalitet, passe på at vi er relevante og arbeider tett mot brukarane våre, samstundes som vi må vise at vi kan konkurrere på dei store arenaene – særleg når det gjeld internasjonal finansiering. Eg trur NUPI er godt posisjonert for å møte desse utfordringane, men i skiftande tider er eg overtydd om at vi må jobbe hardt og målretta for å sikre at samfunnsoppdraget blir etterlevd.

2014 har også vore eit år med mange høgdepunkt for NUPI. Aldri før har så mange medarbeidarar fullført og levert inn sine doktoravhandlingar, og vi har lykkast i å vinne nokre store forskingsprosjekt i Noregs forskingsråd på område som er strategisk viktige for oss. Vi har òg vunne fleire konkurransar i Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet og internasjonalt, og vi er godt i gang med å førebu nye EU-søknader. I 2014 styrkte vi samarbeidet med private selskap og sette i gang Statoil–NUPIs geopolitiske risikoforum. Vi rydda også grunnen for ei sterkare fagleg satsing på Asia, mellom anna ved å etablere eit eige senter.

NUPI har over tid vore høgt rangert når det gjeld publikasjonspoeng. Også i år har vi hatt fleire spennande og gode publikasjonar, men

samla sett viser oversynet at vi har ein viss nedgang i talet på publikasjonspoeng. Det er fleire grunnar til det, og ein av dei er at mange har vore opptekne av å fullføre doktorgradar og bokprosjekt. Ambisjonen er at vi snarast råd skal vere tilbake på det høge nivået NUPI plar liggje på.

Formidlingsarbeidet er viktig for NUPI. Det er stor interesse for seminara våre, og mange av dei tilsette har medverka til at vi i 2014 hadde rekord i mediedekning. Vi brukte mykje tid på arbeidet med å utvikle NUPIs nye heimeside. Når sida er klar, vil vi ha ei betre plattform for å nå ut til kollegaer og interesserte med forskinga vår, både i Noreg og internasjonalt. Vi har òg redesigna møterommet vårt, og dei fleste seminara blir no strøymde og offentleggjorde på NUPIs eigen kanal på YouTube. Det gir oss ei breiare nasjonal og internasjonal dekning. Det var ei positiv overrasking å sjå at folk frå meir enn 45 land hadde følgt nokre av seminara våre.

I 2014 fekk vi òg eit nytt styre. Styret har vist stor interesse for NUPIs arbeid, og dei har medverka til at vi har sett i gang eit langsiktig strategisk utviklingsarbeid under overskrifta «NUPI 2018». Målet er å tenkje meir langsiktig når det gjeld å vidareutvikle instituttet til eit leiande miljø for forskning og formidling innanfor internasjonal politikk og norsk utanrikspolitikk.

Internt har vi hatt fleire satsingar i året som har gått. Eit viktig prosjekt har vore å fremme likestilling mellom kjønna i den fagleg leiinga. Samstundes har vi sett i gang tiltak for å utvikle organisasjonskulturen, med eit særleg blikk på kollegialitet og profesjonalitet, og vi har òg brukt tid på leiarutvikling i heile organisasjonen.

Vi lever i ei spennande tid der både geopolitiske og forskingspolitiske rammevilkår er i endring. Behovet for analyse, kompetanse og forskning er aukande. Vi trur at dei tiltaka vi har gjennomført i 2014, har sett oss i endå betre stand til å utføre samfunnsoppgåva vår.

II. Melding frå styret

Styret i NUPI er tilfreds med NUPIs resultat og vurderer økonomien og drifta som sunn.

I 2014 har NUPI fått eit heilt nytt styre. Målet til det nye styret er å halde fram med å vidareutvikle NUPI slik at instituttet kan spele ei endå sterkare rolle innanfor det utanrikspolitiske forskingsfeltet.

Det viktigaste prosjektet for styret har vore å hjelpe til med å initiere og utvikle ein meir langsiktig strategisk refleksjons- og reformprosess under overskrifta «NUPI 2018». Formålet med denne strategien er å medverke til at NUPI kan løyse samfunnsoppdraget sitt på best mogleg måte, og vi trur det er viktig å klargjere NUPIs langsiktige strategi.

NUPI 2018 er lagt opp som ein utviklingsprosess med ulike komponentar, knytte til mellom anna finansiering, forskingsprofil, kommunikasjonsstrategi, rekrutteringspolitikk og å sikre ei effektiv og god drift. Strategien blir utvikla i nært samarbeid med leiinga og dei tilsette, og vi strekar under kor viktig det er å støtte opp om dei mange pågåande reformprosessane ved NUPI.

Styret har i 2014 særleg konsentrert seg om ulike delstrategiar for korleis NUPI kan styrkje den internasjonale innteninga og kommunikasjonspolitikken. Vi har òg drøfta NUPIs organisasjonsform og korleis NUPI bør møte dei utfordringane som er knytte til utviklinga i det forskingspolitiske landskapet.

Styret har også arbeidd med å klargjere NUPIs vedtekter, mellom anna ansvaret for tilsetjingar. Styret har ført vidare arbeidet med å følgje opp risiko og kontinuerleg resultatrapportering.

III. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Kunnskapsdepartementet (KD) styrer NUPI etter vedtektene for instituttet og målsetjingane i finansieringssystemet for instituttsektoren. Dei to arbeidsmåla departementet styrer etter, er henta frå formålsparagrafen i vedtektene.

Arbeidsmål 1

NUPI skal medverke til større innsikt i mellomfolkelege spørsmål ved å drive forskning og utgreiing og spreie informasjon om internasjonale tilhøve. Instituttet skal sjølv byggje opp og sikre kompetanse på sentrale område for norsk utanrikspolitikk.

Arbeidsmål 2

NUPI skal vere eit leiande miljø for presentasjon av og diskusjon om internasjonal politikk, med særleg ansvar for kommunikasjon med elevar, studentar og folk flest.

Styringsparametrane for det første arbeidsmålet fell saman med indikatorane i finansieringssystemet for instituttsektoren, og fastsetjinga av prestasjonskrava baserer seg på 1) målsetjinga om å ha balanse mellom kvalitet og relevans, 2) NUPIs egne prioriteringar og 3) ønsket om å halde oppe basisløyvinga på eit tilfredsstillande nivå. For det andre målet blir prestasjonskrava til etter dialog mellom departementet og NUPI.

Viktige styringsdokument for NUPI er tildelingsbrevet frå departementet og den styrevedtekne aktivitetsplanen.

Viktige satsingsområde og hovudmål

Verksemda til NUPI fokuserer i dag på tre overordna tematiske område: tryggleik og risiko, vekst og utvikling, internasjonal orden og styring. Desse områda fell naturleg saman med dei spørsmåla som dominerer på den internasjonale arenaen og i norsk utanrikspolitikk.

Dei neste åra vil NUPI gå vidare i å byggje opp desse områda som søyler i NUPIs forskingsprofil. I samsvar med dei store globale endringane som verda går gjennom, vil NUPI halde fram med å byggje opp kompetansen på Asia og er også i gang med å etablere eit eige Asia-senter. I tillegg vil NUPI byggje opp kunnskap om global styring og «global governance». Effektane av globale endringar i det multilaterale systemet og i regionale institusjonar som FN, EU, AU og ASEAN blir vektlagde i forskinga ved NUPI, og vi kjem òg til å vidareføre arbeidet med å styrkje forskinga om tryggleik og risiko knytt til nærområda våre.

Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2014 viser eit overskot på 47 204 kroner. Det er i samsvar med budsjettet for året. Sidan NUPI er organisert som eit statleg forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, kan overskot berre genererast på prosjekt definerte som oppdragsprosjekt etter det såkalla BOA-regelverket. Dei fleste prosjekta ved NUPI er bidragsprosjekt som ikkje kan generere slikt overskot.

På kostnadssida varierer biletet frå år til år, alt etter korleis prosjektporteføljen ser ut. Somme prosjekt er store og kompliserte, gjerne med eksterne samarbeidspartnarar, mens andre er mindre og/eller involverer berre NUPIs egne forskarar. Så lenge kostnadene er dekte av tilsvarende inntekter frå oppdragsgivaren/finansieringskjelda, er det ingen grunn til å frykte desse variasjonane. Kostnadene knytte til drifta av instituttet held seg stabile, og blir tett følgde opp av den administrative leiinga. Lønnskostnadene har stige også i 2014. Det illustrerer dels at staben har vorte meir seniortung, og dels at lønnsoppgjera for dei tilsette har vore gode dei siste åra.

På inntektssida nådde vi målet om å ha 2,6 millionar kroner frå internasjonale kjelder: 3,1 millionar i 2014 mot 2,4 millionar året før. Prosentdelen frå Utanriksdepartementet held fram med å auke.

Finansiering

NUPIs formål er å arbeide med utanrikspolitiske spørsmål. Det vil seie at marknaden for finansiering av verksemda/prosjekta er avgrensa, med Utanriksdepartementet og Forskingsrådet som dei viktigaste finansieringskjeldene. Tabellen nedanfor viser korleis NUPIs inntekter fordeler seg på ulike finansieringskjelder dei tre siste åra.

	2012	2013	2014	2014
	MNOK	MNOK	MNOK	prosent
Noregs forskingsråd (basisløyving)	16,1	15,9	16,1	16 %
Korreksjon, jf. «skyldnadsmodellen»*	-1,0	0,8	-2,6	-3 %
Kunnskapsdepartementet (tilskot)	4,2	4,3	4,5	5 %
Noregs forskingsråd (prosjekt)	18,3	13,8	18,9	21 %
Utanriksdepartementet	26,3	31,2	37,6	42 %
Forsvarsdepartementet	6,4	4,8	6,3	7 %
Utanlandske finansieringskjelder	2,0	2,4	3,1	4 %
Andre inntekter	5,3	6,5	5,1	6 %
SUM Inntekter	77,6	79,7	89,1	100 %

* Sjå fleire rekneskapsprinsipp i kap. VII «Årsrekneskap 2014».

I 2014 vart 19,2 av dei 89,1 millionane overførte til samarbeidspartnarar ute eller her heime.

Basisfinansieringa og tilskotet frå Kunnskapsdepartementet utgjorde til saman rundt 20 prosent av NUPIs inntekter i 2014. Det same

gjorde prosjektfinansieringa frå Forskingsrådet, mens prosjektinntek-
tene frå Utanriksdepartementet enda på 42 prosent. Prosentdelen frå
Forskingsrådet er tilfredsstillande.

Medarbeidarar

Storleiken på og samansetjinga av staben ved NUPI har vore relativt
stabil dei siste åra. Endringane kjem primært av prosjektbehov og mel-
lombels tilsetjingar.

Årsverk	2012	2013	2014	Endring
Forskarar	40,3	41,8	42,0	+0,2
Faglege rådgivarar	2,9	2,5	2,1	-0,4
Kommunikasjon	6,3	6,3	7,5	+1,2
Administrasjon	8,9	9,3	9,2	-0,1
Studentar og interns	3,8	2,5	1,0	-1,5
SUM	62,2	62,4	61,8	-0,6

Prosentdelen kvinnelege forskarar har auka jamt dei siste åra, og i
2014 stod kvinner for 38 prosent av forskarårsverka. Sjå meir om dette
i kap. VIII «Årsrapport om likestilling».

I kommunikasjonsavdelinga hadde vi per 31. desember 2014 to som
arbeidde med generell kommunikasjon, ein som arbeidde med skule-
retta informasjon (inkludert «Hvor hender det?»), to som arbeidde med
arrangement, to som arbeidde ved biblioteket, og ein som arbeidde
med omsetjing og språkvask. To av desse var på deltid. Auken frå 2013
til 2014 skriv seg frå mellombels endringar av roller og arbeids-
oppgåver, både for enkeltpersonar og mellom administrasjons- og kom-
munikasjonsavdelinga. I 2015 vil arbeidsstokken gå noko ned igjen.

I administrasjonsavdelinga hadde vi i tillegg til administrasjonssje-
fen to personar på rekneskap, to på forskingsadministrasjon, ein på
IKT, ein på personale og to på drift. Direktøren er også rekna med i
denne gruppa.

IV. Aktivitetar og resultat gjennom året

Dei to viktigaste styringsdokumenta for NUPI er tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet (KD) og den styrevedtekne aktivitetsplanen. Rapporten nedanfor svarar på begge. Tildelingsbrevet skiltar med to arbeidsmål. Desse måla er også sentrale i aktivitetsplanen, som i tillegg har eit tredje arbeidsmål: den interne drifta av NUPI.

Arbeidsmål 1 – forskning og utgreiing

«NUPI skal bidra til økt innsikt i mellomfolkelige spørsmål ved å drive forskning og utredning og ved å spre informasjon om internasjonale forhold. Instituttet skal selv bygge opp og vedlikeholde kompetanse på områder av sentral betydning for norsk utenrikspolitikk.»

Styringsparametrar og prestasjonskrav frå KD

Styringsparametrane er dei same som for finansieringssystemet i instituttsektoren, og nedanfor presenterer vi prestasjonskrav (mål) og resultat:

	Resultat 2012	Resultat 2013	Mål 2014	Resultat 2014
Vitskaplege publiseringar (poeng)	108	90	85	86
Godkjende doktorgradar*	1	1	2	4
Inntekter internasjonale kjelder (MNOK)	2,0	2,4	2,6	3,1
Nasjonale oppdragsinntekter (MNOK)	16,4	11,6	10,0	7,3

* Målsetjinga er to doktorgradar årleg i snitt for dei tre siste åra.

Tabellen viser at NUPIs *vitskaplege publiseringar* har minka litt frå toppåra for to–tre år sidan. Årsaka til nedgangen er samansett. Mange har arbeidd med bokprosjekt og innlevering av doktoravhandlingar. Likevel er det framleis slik at nokon er særleg produktive og medverkar til mange poeng, mens andre har ein lengre veg å gå. For NUPI under eitt blir det viktig å sjå på korleis vi kan lyfte den totale publiseringa.

I 2014 var det fire av forskarane på NUPI som leverte inn avhandling og fekk *godkjent doktorgraden* sin. I tillegg til dei har ytterlegare tre levert inn avhandlinga, men ventar på endeleg evaluering. Å fullføre ein doktorgrad er eit langsiktig prosjekt som krev stor individuell og kollektiv innsats, og dette har prega instituttet dei siste par åra.

Måлтаlet for *internasjonale inntekter* har vore den største utfordringa ved NUPI dei siste åra. I 2014 nådde vi måлтаlet, og på sikt bør det vere mogleg å auke dei internasjonale inntektene monaleg. I 2014 vart det investert mykje i søknader som skal hjelpe til med å generere slike inntekter.

Når det gjeld *nasjonale oppdragsinntekter*, ser vi at den varsla nedgangen i fjor slår til. Regelverket for kva som skal til for at inntekter skal telje som nasjonale oppdragsinntekter, kombinert med tildelingspraksisen frå Utanriksdepartementet, gjer at måлтаlet på 10 millionar er krevjande. I 2014 greidde vi berre 7,3 millionar. Samstundes ser vi at inntektene frå Utanriksdepartementet aukar, og vi opplever at det er atskilleg konkurranse om midlar frå UD.

Prioriteringar i NUPIs aktivitetsplan

I aktivitetsplanen for 2014 vart desse områda og handlingspunkta prioriterte:

1. Vere det nasjonalt leiande instituttet på utanrikspolitikk og internasjonal politikk

- Forskingsgruppene skal representere NUPIs tematiske kjerneområde. Vi vil arbeide for å sikre fagleg utvikling og kritiske forskarar med kompetanse på eksisterande forskingsfelt, m.a. ved å bruke basis til forskning og søknader for langsiktig finansiering.
- Forskingsgruppene skal utvikle eigne strategiske målsetjingar, spesifisere tiltak for å oppnå dei og evaluere eigne resultat.
- NUPI skal styrkje sin faglege kompetanse på nye viktige områder. I 2014 skal vi arbeide vidare med å styrkje forskinga på norsk utanrikspolitikk. Vi skal halde fram med å styrkje kompetansen på Asia og framveksande økonomiar i andre regionar, i tillegg til kompetansen på regional og global styring. På sikt skal NUPI styrkje kompetansen ytterlegare på energi- og klimaspørsmål. Styrkinga skal skje gjennom rekruttering, bruk av basis til forskning og søknader og ved eit sterkare samarbeid og nettverk med andre institusjonar.

I året som gjekk, har NUPI styrkt forskinga på norsk utanrikspolitikk. Vi har òg fått store prosjekt i Forskingsrådet på SAMRISK og Europa i endring. I 2014 har vi gjort viktige framsteg for å styrkje Asia-kompetansen, både gjennom rekrutteringar og nye prosjekt. Prosjektet om Russlands politikk i det fjerne austen blir også gjennomført med dyktige asiatiske partnerar i Kina, Singapore, Korea og Japan. Vi har også etablert eit samarbeid med Statoil om geopolitiske endringar.

2. Halde oppe den høge publiseringfrekvensen og styrkje kvalitet og relevans

- Gjennomgå bruken av basis slik at vi i endå større grad kan gi rom for å utvikle kompetanse og sikre fordjuping på strategisk viktige område.
- Setje i gang tiltak som kan sikre at endå fleire av våre forskarar kan ha eit jamt høgt nivå på mengda av publikasjonar, og at forskarane våre leverer arbeid av høg fagleg kvalitet.

- Etablere ei gruppe forskarar som arbeider med å skrive ei akademisk bok, og støtte kvalitetssikringa av bokmanus.
- Vidareføre dei aktivitetane som alt er lanserte. for kvalitetssikring av vitenskaplege artiklar.
- Vidareføre etablerte rutinar for oppfølging av (doktorgrads) stipendiatar.
- Styrkje relevans og kommunikasjon av forskingsresultat gjennom eit tettare samarbeid mellom forskarane og kommunikasjonsavdelinga.
- Stimulere til tettare fagleg samarbeid internt i gruppene gjennom utvikling av gruppespesifikke forskingsplanar, og mellom gruppene ved ein betre informasjonsflyt og faste møteplassar (som regulære stabsmøte).

Trass i at vi har ein nedgang i publikasjonspoeng frå toppåra fram til 2012, har vi likevel lykkast med å halde oppe ein høg vitenskapleg produksjon også i 2014. Vi har gjort det godt på dei fleste av dei indikatorane som Kunnskapsdepartementet har sett, og som er teljande parametarar i basisløyvingsystemet til Noregs forskingsråd.

Det er ei pågåande utfordring å sikre ein god balanse mellom kvantitet, kvalitet og relevans. Mange av våre stipendiatar har fullført arbeidet med doktorgradane sine, og vi har etablert eit system for at stipendiatane held prøvedisputasar og får ei spesiell oppfølging i innspurtsfasen. I 2014 har vi styrkt staben og rekruttert nye forskarar innanfor økonomi og Asia. Vi er nøgde med at vi får mange høgt kvalifiserte internasjonale og nasjonale søkjarar til stillingane våre. Gjennom 2014 har vi framleis arbeidd med forskingsadministrativ utvikling, og vi har ytterlegare styrkt arbeidet rundt kvalitetssikring av søknader.

3. Styrkje den internasjonale profilen og innteninga til instituttet

- Auke deltakinga i internasjonale søknader, med eit mål om minst to søknader til EU Horizon 2020, i tillegg til to frå andre kjelder (ERC, EØS-midlar, FN o.a.). Forskarar som arbeider med slike søknader, vil få midlar frå basisløyvinga og god administrativ støtte.
- Vidareføre den forskingsfaglege og administrative kompetanseoppbygginga i internasjonale søknadsprosessar, m.a. gjennom kurs i utarbeiding av EU-søknader og etablering av prosedyrar for kvalitetssikring av slike søknader.
- Halde fram med arbeidet for å få på plass eit prosjektstyringsverktøy som kan vere med på å auke kvaliteten og effektiviteten i prosjektsyklusen, frå søknad til rapportering.
- Etablere eit samarbeid med leiande forskingsinstitusjonar i viktige regionar.

Forskarstaben ved NUPI rommar medarbeidarar frå ulike land og verdsdelar. Vi er med i internasjonale nettverk, publiserer i internasjonale

nale kanalar og adresserer internasjonale spørsmål. NUPI har ein klar internasjonal profil og eit breitt internasjonalt publikum. I 2014 er denne internasjonale profilen vidareutvikla både gjennom rekruttering, prosjekt, publikasjonar, faglege nettverk og deltaking på konferansar.

Vi har i år lykkast med å nå målet for inntekter frå internasjonale kjelder. Dette området er høgt prioritert både i leiinga, administrasjonen og mellom forskarane våre. Strategien er å arbeide for å sikre at forskingsgruppene våre har ei diversifisert finansiering frå oppdragsgivarar, Forskingsrådet og internasjonale kjelder. Vi har derfor lagt ned mykje arbeid i å styrkje motivasjonen, prosedyrane og kompetansen på internasjonale søknader, og i 2014 sende vi fleire søknader til EU og EØS-finansieringsordningane. Vi er også med i fleire team som er i gang med å førebu søknader til nye utlysingar under H2020 i 2015 og 2016. Vi har òg sendt søknader til finansieringskjelder i USA og andre nordiske land. Ein av våre tilsette gjekk vidare til andre runde i ERCs (Det europeiske forskingsrådets) tildeling av støtte til særleg lovande forskarar.

Arbeidsmål 2 – kommunikasjon og formidling

«NUPI skal være et ledende miljø for presentasjon og diskusjon om internasjonal politikk, med særlig ansvar for å ivareta kommunikasjon med elever, studenter og den brede offentlighet.»

Styringsparametrar og prestasjonskrav frå KD

Styringsparametrane for dette arbeidsmålet baserer seg på målsetjinga om å medverka til auka innsyn i og spreining av informasjon om internasjonale tilhøve. Eit målretta arbeid med forskingsformidling og kunnskapsbasert deltaking i offentleg debatt er viktige verkemiddel for å nå denne målsetjinga, og i 2014 fekk NUPI gode resultat:

	Resultat 2012	Resultat 2013	Mål 2014	Resultat at 2014
To kronikkar per forskarårsverk	88	99	87	115
Seminar og konferansar (totalt)	89	77	65	75
Seminar og konferansar (store)	32	12	15	15
Fleire mottakarar av HHDs nyheitsbrev		1100	Ja	3000
Ope og stabilt virtuelt bibliotek		Ja	Ja	Ja

Forskarane ved NUPI har i 2014 produsert 115 populærpublikasjonar. 100 av dei er publiserte i norske dagsaviser og tidsskrift, og 15 er publiserte som kortnotat i vår eigen populære publikasjonsserie «Policy brief», som er offentleggjort på nettsidene våre og breitt distribuert. NUPI har òg gitt ut 25 utgåver av «Hvor hender det?» i 2014.

NUPI skipa til 75 seminar og konferansar i 2014 med til saman om lag 3500 deltakarar. 15 av dei var større arrangement som gjekk over fleire dagar eller hadde over 70 deltakarar. Arrangementa retta seg mot ulike målgrupper: forskingsmiljø, studentar, det sivile samfunn og NGO-ar, forvaltninga, media og allmugen.

I april gjennomførte NUPI ein større debatt om norsk utanrikspolitikk i samarbeid med Polyteknisk forening. Debatten vart grundig dekt av media. I november skipa NUPI for 16. gong til sitt årlege militærmaktseminar, og NUPI har også i 2014 gjennomført ein godt besøkt seminarserie om Europa finansiert av Utanriksdepartementet. Målet med denne seminarserien er å skape ein meir kunnskapsbasert Europadebatt i Noreg, og i 2014 supplerte vi med ein artikkelserie om Europa i «Hvor hender det?».

Digitale kanalar har vore ei viktig satsing for NUPI i 2014, og desse kanalane er dei primære for ekstern kommunikasjon. 62 av arrangementa i fjor vart filma og sende direkte, og dei er tilgjengelege på NUPIS kanal på YouTube. Over 11 000 gonger har folk sett sendingane og opptaka. Aktiviteten i sosiale medium har i tillegg vore aukande. NUPI har no nesten 2500 følgjarar på Facebook-sida og over 8300 følgjarar på Twitter. I tillegg har Facebook-sida til «Hvor hender det?» over 3000 følgjarar, ein auke på meir enn 1000 frå året før.

Nyheitsbrevet «Hvor hender det?» går no ut til 24 000 mottakarar. Det er ein auke på 3000 frå året før. I tillegg har NUPI teke imot 23 skuleklassar i 2014, og har halde oppe tilbodet med det virtuelle biblioteket. I samband med ferdiggjeringa av nye nettsider, har det virtuelle bibliotektilbodet mot slutten av året vorte avvikla og avløyst av eit meir brukarvennleg tilbod.

I 2014 registrerte NUPI om lag 3600 medieoppslag om organisasjonen i norske eter-, nett- og papirmedium. Det er ein markant auke frå året før og kjem av eit turbulent utanriksår med stort fokus på Russland/Ukraina og Syria/Irak. NUPI har òg vorte intervjuet og sitert i fleire utanlandske medium, mellom anna amerikanske, franske, russiske, polske, danske, tyrkiske, britiske og indiske medium.

Prioriteringar i NUPIs aktivitetsplan

I aktivitetsplanen for 2014 vart desse områda og handlingspunkta prioriterte:

4. NUPI skal vere ein god og truverdig formidlar av informasjon for ulike typar publikum. Elektroniske kanalar skal styrkjast for å hjelpe til med å synleggjere forskingsresultat, forskarar og publikasjonar

- Utvikle ei ny nettløysing for NUPI som gir eit betre bilete av den samla aktiviteten vår, og som er meir effektiv og gagnleg. Bilete og video må kunne integrerast på sidene.
- Utvikle «Hvor hender det?» i den nye websida, og auke distribusjonen av publikasjonen.
- Gjennomføre tiltak i kommunikasjonsstrategien for å sikre at vi blir betre i kommunikasjon og dialog med oppdragsgivarar, medium og publikum.
- Marknadsføre NUPIs tidsskrift.
- Utvikle «Policy brief»-serien slik at vi kan nå ut til våre brukarar og kundar på ein effektiv måte.
- Utvikle biblioteket slik at det i endå større grad kan medverke til forskingsstøtte.

Alle desse handlingspunkta er følgde opp i 2014.

Sommaren 2013 sette NUPI i gang ein offentleg prosess for innkjøp og utvikling av ei ny nettløysing. Utviklinga av løysinga kom i gang i januar 2014, har halde fram gjennom året og vil vere ferdig våren 2015. Løysinga baserer seg på den same plattformen som før, men i ein sterkt oppgradert versjon. Utviklinga av ny nettløysing har også inkludert ei vidareutvikling av «Hvor hender det?» som ein integrert del av nettstaden nupi.no. Arbeidet med «Hvor hender det?» (HHD) er i tillegg styrkt gjennom eit samarbeid mellom NUPI og Norsk Digital Læringsarena (NDLA), der NDLA tilbyr HHD-artiklar som lærestoff på nettsidene sine.

NUPIs tidsskrift har hatt ein auke i abonnentalet i 2014. Universitetsforlaget gjorde i 2013 ein avtale med Narvesen om laussalsdistribusjon, og det har medverka positivt til distribusjonen av tidsskrifta også i 2014. NUPI forlengde i 2014 publiseringskontrakten med Universitetsforlaget i eitt år, for to av tidsskrifta våre. Innan utgangen av den nye kontraktperioden vil vi avgjere korleis tidsskrifta skal tilpasse seg til nye krav om open publisering (open access).

Drifta av biblioteket er effektivisert vidare i 2014 gjennom fleire tiltak. Oppgraderinga av biblioteksystema Tiedemann og Brage er følgd opp med implementering og vidareutvikling. NUPI har også bytt hovudagent for abonnement på vitenskaplege tidsskrift. Ei sentral oppgåve for biblioteket har vore å følgje og vurdere utviklinga i diskusjonen om open publisering. Her har det vore viktig å gjere artiklar opent tilgjengeleg gjennom å bruke NUPIs institusjonsarkiv Bibsys Brage, i tillegg til å hjelpe forskarane å finne tidsskrift som publiserer opent. Vi har også sett i gang ein prosess for å ta stilling til kva for regime som skal gjelde for NUPI sine egne tidsskrift.

Arbeidsmål 3 – intern drift

«NUPIs virksomhet skal tilstrebe høy kvalitet i alle ledd, kombinert med trivsel og stimulering av den enkelte.»

Prioriteringar i NUPIs aktivitetsplan

I aktivitetsplanen for 2014 vart desse områda og handlingspunkta prioriterte:

5. NUPI skal ha ein systematisk og utviklande personalpolitikk. NUPI skal ha ein organisasjon som sikrar effektivitet og kvalitet

- Vidareutvikle ein aktiv personalpolitikk som styrkjer instituttet i alle ledd – og som nedfeller seg i strategiar, retningslinjer og lønnspolitikk.
- Kvardagen kan i periodar opplevast som usikker og stressande for alle. Vi vil derfor i 2014 setje i gang ein prosess for å betre det faglege samarbeidet og sjå på korleis vi kan effektivisere arbeidsformene og ytterlegare styrkje trivselen.
- Utvikle eit meir effektivt system for dokumenthandtering og elektronisk arkiv.
- Sikre gode arbeidsvilkår for dei tilsette ved NUPI, og vidareutvikle rutineane for rekruttering av nye medarbeidarar.
- Setje i verk tiltak for støtte og utvikling av leiarar.

Gjennom dei tre siste åra har det vore arbeidd systematisk og godt med å utvikle HR-området på instituttet. Grundige og transparente prosessar skal kombinerast med behovet for handlekraft, avgjerdsevne og fleksibilitet. Det meste av rammeverket er no på plass, og dei nye rutineane er i ferd med å setje seg.

Profesjonalitet, kollegialitet og etiske retningslinjer har stått sentralt i fleire av dei interne prosessane som har gått føre seg, og dette var også eit tema på den årlege haustsamlinga. Innspela frå diskusjonane er i ferd med å bli følgde opp. Eit program for leiarutvikling er òg kome godt i gang.

Arbeidet med å innføre elektronisk arkiv og dokumenthandterings-system er sett i gang like over nyttår i 2015.

6. Betre kjønnsbalansen i leiinga og mellom forskarane

- Bruke basismidlar saman med BALANSE-midlar frå NFR til å hjelpe kvinnelege forskarar med å etablere seg på området sitt og kvalifisere seg til professorkompetanse, og støtte unge forskarar (etter innlevert PhD) til å utvikle ein karriere som leiande forskarar innanfor feltet sitt.
- Utvikle eit mentorprogram for støtte og trening av leiarar (både kvinner og menn), og eit kurs (e.l.) for å stimulere kvinnelege forskarar til å ta på seg leiaroppgåver.

I 2014 vart det store BALANSE-prosjektet, med delfinansiering frå Noregs forskingsråd, sett i gang. Målet for prosjektet er tre kvinnelege seniorforskarar med professorkompetanse innan 2016, og at halvparten av gruppeleiarane på det tidspunktet skal vere kvinner. Vi ser alt at prosjektet har hatt mykje å seie både for dei som direkte får stipend, for alle dei som nyt godt av meir generelle tiltak, og gjennom den generelle stimuleringa og motivasjonen som følgjer av satsinga.

Andre saker – rapporteringskrav i tildelingsbrevet

Tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet tek for seg nokre faktorar som det er naturleg å omtale i årsrapporten.

Auke i talet på lærlingar i statsforvaltninga

Regjeringa har i samarbeid med partane i arbeidslivet sett som mål å auke talet på lærlingkontraktar med 20 prosent frå 2011 til 2015. Innanfor rammene for verksemdene bør det leggjast til rette for eit auka inntak av lærlingar jamført med 2011.

Hausten 2013 gjekk NUPI inn i eit samarbeidsprosjekt med Lånekassen, Meteorologisk institutt og Vox, der dei fire institusjonene til saman tilbyr to lærlingeplassar i kontor- og administrasjonsfaget frå hausten 2014. I januar 2015 sendte NUPI inn søknad om å bli godkjent som lærebedrift i faget IKT Service. Planen er å rekruttere ein lærling som kan starte hausten 2015.

Samfunnstryggleik og beredskap

NUPI skal utføre tilpassa risiko- og misbruksanalysar minst annakvart år, ha oppdaterte krise- og beredskapsplanar og gjennomføre årlege kriseøvingar.

NUPI skal vidare sjå til at arbeidet med informasjonstryggleiken er i samsvar med den nasjonale strategien for informasjonstryggleik, og halde fram arbeidet med å følgje opp tilrådinga frå 22. juli-kommisjonen om å styrkje haldningar og kultur knytte til risikoforståing, gjennomføringsevne, samhandling, IKT-utnytting og resultatorientert leiarskap.

I 2013 gjennomførte NUPI ein risiko- og misbruksanalyse som er oppdatert i 2015. Våren 2013 vart det gjennomført ei kriseøving i handtering av risikoutsette reiser, og i 2015 ei tilsvarende øving for seminarverksemda. I desember 2014 godkjende leiinga NUPIs nye styringssystem for informasjonstryggleik (SSIS).

Redusere og fjerne tidstjuvar i statsforvaltninga

Forenkling er eitt av satsingsområda til regjeringa. Ein viktig strategi i den samanhengen er å arbeide med å identifisere, redusere og fjerne tidstjuvar. Å redusere og fjerne tidstjuvar handlar dels om å gjere møtet og samhandlinga med offentleg sektor enklare for innbyggjarar og næringsliv, og dels om å effektivisere sektoren slik at tilsette i offentleg sektor kan få meir tid til kjerneoppgåvene og til å auke kvaliteten i oppgåveløysinga.

NUPI har gitt innspel til departementet om tiltak som kunne setjast i verk for å redusere tidstjuvar i samhandlinga mellom NUPI og andre offentlege etatar. NUPI har òg lagt fram dei viktigaste tiltaka det blir arbeidd med internt for å effektivisere drifta, auke kvaliteten og frigjere tid til NUPIs kjerneoppgåver, som er forskning og formidling.

V. Styring og kontroll i organisasjonen

Styret i NUPI

Kunnskapsdepartementet peika i mars 2014 ut eit nytt styre for NUPI for perioden fram til 31. desember 2017.

Det nye styret er Kate Hansen Bundt (styreleiar), Alf Håkon Hoel (nestleiar – vald av styret), Målfrid Braut-Hegghammer, Espen Barth Eide, Katja Franko Aas, Benjamin de Carvalho og Elin O. Demiraslan. Dei to siste representerer dei tilsette. Varamedlemmer er Geir Ulfstein, Gunhild Hoogensen Gjørsv, Julie Wilhelmsen og Karsten Friis. Dei to siste er varamedlemmer for representantane for dei tilsette.

Styret har hatt tre møte i 2014, der dei m.a. har drøfta kontinuerleg resultatrapportering, strategi for å auke den internasjonale innteninga, i tillegg til aktivitetsplan og budsjett for 2015. Ut over dei normale styresakene plar styret diskutere minst eitt fagleg tema på kvart møte. Det er etablert eit årshjul for styrearbeidet.


Organisasjon og leiing

NUPIs direktør er Ulf Sverdrup. Ole Jacob Sending er forskings sjef ved instituttet. Den faglege staben var i 2014 delt inn i seks forskingsgrupper med kvar sin gruppeleiar. I tillegg har vi ei kommunikasjonsavdeling og ei administrasjonsavdeling med kvar sin leiar. Saman utgjør desse ti leiarane leiargruppa i NUPI. Fem av leiarane møtest også i arbeidsutvalet.

Leiarane for kvar gruppe/avdeling var ved utgangen av 2014:

Gruppe/avdeling	Gruppe-/avdelingsleiar
Russland, Eurasia og Arktis	Helge Blakkisrud
Tryggleik og forsvar	Karsten Friis
Fredsoperasjonar	Kari Osland
Nye stormakter og global utvikling	Elana Wilson Rowe
Internasjonal økonomi	Arne Melchior
Utanrikspolitikk og diplomati	Halvard Leira
Kommunikasjon	Åsmund Weltzien
Administrasjon	Jan-Morten Torrissen

Organisasjonskartet per 31. desember 2014 går fram av figuren på neste side.



VI. Vurdering av framtidsutsikter

På eit overordna plan fører globale endringar og Noregs omfattande internasjonale relasjonar til at behovet for analyse og forskning om internasjonal politikk og internasjonale tilhøve aukar.

Samstundes kviler framtida til NUPI på at styresmaktene, private og samfunnet i vid meining held fram med å investere i kunnskap om internasjonale tilhøve og norsk utanrikspolitikk. Over tid har Kunnskapsdepartementet, Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Noregs forskingsråd og andre hjelpt til mykje med å investere i forskning, og det er viktig at desse institusjonane framleis vil arbeide for å styrkje forskingsmiljøa i Noreg. Vi håpar at også andre offentlege organ og private selskap i aukande grad vil hjelpe til framover.

NUPIs finansiering er kortsiktig, og det er grenser for kor solid vi kan byggje opp eigenkapital eller fond. I geopolitiske overgangstider blir nokre av dei veike sidene med ein slik finansieringsstruktur synleggjorde. Eit breiare og meir langsiktig finansielt grunnlag ville vore gunstig for våre framtidsutsikter og evna til å levere god og relevant forskning. På same tid er det ein stor ressurs for NUPI at dei tilsette viser stor vilje og evne til å sikre finansiering av eigen og andre sin aktivitet gjennom å vinne i konkurransen om midlar.

NUPIs framtid er òg styrt av at vi gjennomfører samfunnsoppdraget vårt på ein god måte: å levere god og relevant forskning og samstundes vere dyktige formidlarar. Det er positivt at Kunnskapsdepartementet og Forskringsrådet strekar under den rolla instituttet vårt spelar i det norske forskingslandskapet, og klargjer dei oppgåvene som følgjer av denne rolla. Auka internasjonal inntening, mellom anna i EU-programma, framleis god fagleg produksjon og synleggjering av relevansen vår styrkjer framtidsutsiktene til instituttet.

Internt arbeider vi vidare med å utvikle eit sterkt fagleg miljø og kjernekompetanse på område vi meiner er særleg sentrale. Når verda endrar seg, må vi òg byggje ny kompetanse. Samstundes må vi ha tilstrekkeleg fleksibilitet og evne til å møte krav frå ulike finansieringskjelder, kundar og oppdragsgivarar. Det er ei vedvarande utfordring å balansere mellom fagleg konsentrasjon og finansiell og fagleg spreiding.

Vår viktigaste ressurs er sjølv sagt dei tilsette. For å lykkast må NUPI rekruttere, vidareutvikle og halde fast ved dugande medarbeidarar. Vi må derfor vere ein god arbeidsgivar med eit spennande og stimulerande arbeidsmiljø som kan utvikle og byggje sterke fagmiljø. Vi registrerer at vi får svært godt kvalifiserte søkjarar, både frå inn- og utland, når vi lyser ut nye stillingar. Det lovar godt. Samstundes er det klart at eit miljø som vårt vil vere sårbart ved store utskiftingar, og det er viktig at forskarar kan sjå at instituttsektoren er fagleg spennande og karriereutviklande.

NUPI vil halde fram med å betre leiings-, styrings- og støttesystema og fremme ein god arbeidskultur, slik at vi kan ha kvalitet både i søknader og leveransar. Vi trur at NUPIs framtidsutsikter kan bli endå betre om vi kan føre vidare ein kultur som stimulerer til innovasjon, nytenking og fagleg kritikk, men som på same tid kan kombinere dette med eit godt arbeidsmiljø kjennemerkt ved tillit og trygge rammer.

Risikovurdering

Risikovurderingar er ein integrert del av Kunnskapsdepartementets mål- og resultatstyring overfor NUPI. Nedanfor følgjer NUPIs vurdering av dei viktigaste risikofaktorane i arbeidet med å nå dei fastsette måla i tildelingsbrevet (tala refererer til nummereringa i tildelingsbrevet):

1.1 Vitskapleg publisering – 85 publikasjonspoeng

Både i 2013 og 2014 hadde NUPI eit fall i talet på publiseringspoeng. I 2014 hamna vi eitt poeng over styringsparameteren. Den vitskaplege produksjonen varierer både mellom medarbeidarar og for kvar tilsett frå år til år. Målet for 2015 er det same som i 2014 og bør vere realistisk. Middels risiko.

1.2 Godkjende doktorgradar – to i snitt årleg for dei tre siste åra

Fullføring av ein doktorgrad på NUPI krev normalt fire år, og både innlevering og godkjenning kan ta lengre tid enn planlagt. Dei siste åra har vi hatt mange som har vore i sluttfasen. Fire av dei leverte og fekk godkjent avhandlinga si i 2014. I 2015 blir det truleg minst to. På lengre sikt er det eit spørsmål om korleis finansieringa og insentiva for å ta inn doktorgradskandidatar i instituttsektoren utviklar seg. Liten risiko.

1.3 Inntekter frå internasjonale kjelder – 2,6 mill. kroner

NUPI har lagt ned ein stor innsats dei siste par åra for å få fart på den internasjonale finansieringa. No byrjar vi å sjå effekten av denne innsatsen, og sidan målalet er relativt lågt, bør det vere realistisk å nå det også i tida som kjem. Middels risiko.

1.4 Nasjonale oppdragsinntekter – 10 mill. kroner

Avklaringa på korleis prosjektinntektene frå Utanriksdepartementet og Forsvarsdepartementet skal kategoriserast, gjer at også det nedjusterte målalet (frå 20 til 10 millionar kroner) er i overkant ambisiøst. Det er viktig å presisere at dette ikkje handlar om at den totale inntekta frå UD går ned. Det er berre den delen som ligg innanfor definisjonen av nasjonale oppdragsinntekter, som har vorte mindre. Høg risiko.

2.1 Dekning i media – to kronikkar i aviser og tidsskrift per forskarårsverk

Det varierer frå person til person kor god evne vedkomande har til å vere synleg i media. Vi arbeider stadig med at formidlingsarbeidet til NUPI skal halde seg på eit høgt nivå, både i omfang og kvalitet. Men

eksponeringa vil variere med korleis den utanrikspolitiske agendaen ser ut, og korleis han stemmer med NUPIs kompetanse. Dei fastsette måla er like fullt godt innanfor rekkjevidd. Låg risiko.

2.2 Konferansar og seminar – 65 seminar totalt, av dei 15 som varer ein dag eller meir og med minst 70 deltakarar

Konferanseaktiviteten er omfattande og ligg godt over dei fastsette krava for måloppnåing. Låg risiko.

2.3 Skuleretta arbeid – talet på faste mottakarar av «Hvor hender det?» skal auke

Nettstaden blir jamt over godt driven, og har mange brukarar. Risikoen er først og fremst knytt til den framtidige evna til å halde følge med utviklinga innan teknologi og kommunikasjon innanfor dette segmentet. Middels risiko.

2.4 Bibliotek – det virtuelle biblioteket skal vere ei stabil teneste med opningstid på kvardagane

Biblioteket held ope som planlagt, og det er ingen særskild risiko knytt til drifta. Låg risiko.

VII. Årsrekneskap 2014

Resultatrekneskap 2014

	Note*	2014	2013
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	59 866 126	54 639 477
Tilskot og overføring frå andre	1	25 485 527	18 601 281
Sals- og leigeinntekter	1	3 753 984	6 489 095
Sum driftsinntekter		89 105 638	79 729 853
Driftskostnader			
Lønn og sosiale kostnader	2	48 031 700	46 500 954
Andre driftskostnader	3	45 988 836	37 887 115
Avskrivningar	5	984 235	1 251 528
Sum driftskostnader		95 004 771	85 639 598
Driftsresultat		-5 899 133	-5 909 745
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	5 672	
Finanskostnader	6	5 855	30 768
Finansresultat		-183	-30 768
Resultat av ordinære aktivitetar		-5 899 316	-5 940 513
Avrekningar			
Avrekning statleg og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15	5 946 520	5 991 695
Sum avrekningar		5 946 520	5 991 695
Perioderesultat		47 204	51 182
Disponeringar			
Tilført annan opptent verksemdskapital	8	47 204	51 182
Sum disponeringar		47 204	51 182

Balanse 31.12.2014

	Note*	31.12.2014	31.12.2013
Eigedelar			
A. Anleggskapital			
Immaterielle eigedelar			
Lisensar	4	1 704 010	
Sum immaterielle eigedelar		1 704 010	
Varig driftskapital			
Datamaskinar	5	761 796	634 747
Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	5	2 769 417	2 024 118
Sum varig driftskapital		3 531 213	2 658 865
Sum anleggskapital		5 235 223	2 658 865
B. Omløpskapital			
Fordringar			
Kundefordringar	13	4 137 744	2 821 685
Andre fordringar	14	288 888	1 485 342
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	16		465 940
Sum fordringar		4 426 632	4 772 967
Kasse og bank			
Bankinnskot	17	31 841 403	37 634 317
Andre kontantekvivalentar	17	6 735	7 577
Sum kasse og bank		31 848 138	37 641 894
Sum omløpskapital		36 274 770	42 414 861
Sum eigedelar		41 509 993	45 073 726

Balanse 31.12.2014 (framhald)

	Note*	31.12.2014	31.12.2013
Verksemdskapital og gjeld			
C. Verksemdskapital			
Opptent verksemdskapital			
Opptent verksemdskapital	8	5 307 148	5 259 945
Sum opptent verksemdskapital		5 307 148	5 259 945
Sum verksemdskapital		5 307 148	5 259 945
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige skyldnader			
Ikkje inntektsførte løyvingar knytte til anleggsmiddel	5	5 235 223	2 658 865
Sum avsetning for langsiktige skyldnader		5 235 223	2 658 865
II Kortsiktig gjeld			
Gjeld til leverandørar		3 579 239	4 281 659
Skuldig skattetrekk		1 832 638	1 827 267
Skuldige offentlege avgifter		2 064 988	1 891 720
Avsette feriepengar		3 909 753	3 816 006
Forskotsbetalte, ikkje opptente inntekter	16	703 847	781 692
Anna kortsiktig gjeld	18	632 749	792 558
Sum kortsiktig gjeld		12 723 214	13 390 902
III Avrekning med statskassa			
Avsetning statleg og bidragsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15	14 551 700	20 550 731
Ikkje inntektsførte løyvingar og bidrag (nettobudsjetterte)	15	3 692 707	3 213 285
Sum avrekningar		18 244 407	23 764 015
Sum gjeld		36 202 845	39 813 782
Sum verksemdskapital og gjeld		41 509 993	45 073 726

Kontanstrømoppstilling etter den direkte modellen

	2014	2013
Innbetalinger		
Innbetalinger frå løyvingar (nettobudsjetterte)	62 442 484	53 802 444
Innbetalinger av tilskot og overføringar frå andre statsetatar	31 900 464	27 926 870
Innbetaling frå refusjonar	760 199	903 474
Sum innbetalinger	95 103 147	82 632 788
Utbetalinger		
Utbetaling av lønn og sosiale kostnader	43 091 791	41 611 654
Utbetaling for varer og tenester for vidare sal og eige forbruk	33 637 500	28 623 569
Utbetaling av skattar og offentlege avgifter	1 371 160	1 745 758
Utbetalinger og overføringar til andre statsetatar	19 235 019	12 823 664
Andre utbetalinger	842	1 041
Sum utbetalinger	97 336 311	84 805 686
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar*	-2 233 164	-2 172 898
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmiddel	3 560 593	414 496
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-3 560 593	-414 496
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-5 793 757	-2 587 393
Sum kontantar og kontantekvivalentar ved periodestart	37 641 894	40 229 287
Sum kontantar og kontantekvivalentar ved periodeslutt	31 848 138	37 641 894
* Avstemming:		
Perioderesultat	47 204	51 182
Ordinære avskrivningar	984 235	1 251 528
Avsetning utsette inntekter (tilgang anleggsmiddel)	-3 560 593	-414 496
Endring i ikkje inntektsførte løyvingar knytte til anleggsmiddel	2 576 358	-837 033
Endring i kundefordringar	-1 316 059	976 036
Endring i leverandørgjeld	-702 419	4 269 376
Postar klassifiserte som investerings- eller finansieringsaktivitetar	3 560 593	414 496
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-3 822 482	-7 883 987
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	-2 233 164	-2 172 898

NUPIs årsrekneskap 2014 – kommentar

NUPI er eit statleg forvaltningsorgan med særskilde fullmakter underlagt Kunnskapsdepartementet. Formålsparagrafen til instituttet lyder slik:

Norsk utenrikspolitisk institutt (NUPI) har som formål å bidra til økt innsikt i mellomfolkelige spørsmål ved å drive forskning og utredning og ved å spre informasjon om internasjonale forhold. Instituttet skal selv bygge opp og vedlikeholde kompetanse på områder av sentral betydning for norsk utenrikspolitikk.

Rekneskapen for instituttet blir revidert av Riksrevisjonen.

Den framlagde rekneskapen er ført etter statlege rekneskapsstandardar (SRS) og i samsvar med retningslinjer gitt av Kunnskapsdepartementet (KD).

Etter pålegg frå KD endra NUPI i 2013 klassifiseringa av inntekter frå Noregs forskingsråd og frå statlege etatar som ikkje er departement. Desse inntektene vart i 2011 og 2012 inntektsførte i same perioden som tilgangen var registrert. Eventuelle ubrukte midlar har vorte avrekna og avsette som avrekning statleg og bidragsfinansiert aktivitet. For prosjekt som er sette i gang i 2013 og 2014, blir desse inntektene no inntektsførte etter prinsippet om motsett samanstilling, dvs. at inntektene blir bokførte i samsvar med framdrifta (påkomne kostnader) i prosjektet. Det er det same prinsippet som vart brukt før 2011.

Midlar til prosjekt som er sette i gang i 2012 eller tidlegare, og som er følgde opp i 2013 og 2014, er ikkje omklassifiserte. Det same gjeld også midlar som er mottekne i 2013 og 2014, og som knyter seg til prosjekt som er sette i gang før 1. januar 2013.

Rekneskapen viser eit overskot på 47 204 kroner. Dette kjem fullt ut frå oppdragsprosjekt som det er lov å opparbeide overskot på. Det er og i samsvar med budsjettet for året. Inntektene frå internasjonale kjelder utgjør 3,1 MNOK. Vi har dermed nådd måлтаlet for 2014, som var 2,6 MNOK.

Eg stadfestar at den framlagde rekneskapen gir eit dekkjande bilete av NUPIs resultat og økonomiske stilling per 31.12.2014, og at det er ført i samsvar med retningslinjene for økonomistyring i staten.

Oslo, 16.2.2015

Kate Hansen Bundt

Rekneskapsprinsipp

Generelle rekneskapsprinsipp

Rekneskapsprinsippet er sett opp i samsvar med dei tilrådde statlege rekneskapsstandardane (SRS) og dei tilhøyrande rettleiingsnotata som er utarbeidde av Finansdepartementet og Direktoratet for økonomistyring, og med Kunnskapsdepartementets tilpassingar for universitets- og høgskulesektoren.

Rekneskapsprinsipp som er nytta

Inntekter

NUPI følgjer pålegg frå Kunnskapsdepartementet om korleis inntektene skal førast. Det vil seie at inntektsføringa skjer etter desse prinsippa:

A) Inntekter der inntektsføring skjer i same perioden som tilgangen (innbetalinga) er registrert:

- Basisløyving frå Noregs forskingsråd
- Tilskot frå Kunnskapsdepartementet
- Bidragsinntekter frå departement
- Bidragsinntekter frå andre statlege finansieringskjelder sette i verk før 1. januar 2013

Eventuelle ubrukne midlar blir avrekna og avsette som avrekning statleg og bidragsfinansiert aktivitet.

B) Inntekter der inntektsføring skjer etter prinsippet om motsett samstilling, dvs. at inntektene blir bokførte i samsvar med framdrifta (påkomne kostnader) i prosjektet:

- Oppdragsinntekter
- Midlar frå Noregs forskingsråd på prosjekt sette i verk etter 1. januar 2013
- Bidragsinntekter frå andre statlege finansieringskjelder som ikkje er departement

Skyldnadsmodellen

Inntekter frå løyvingar til statlege verksemdar skal i utgangspunktet ikkje dekkje avskrivingskostnader. Derfor legg den statlege rekneskapsmodellen i samsvar med SRS opp til at avskrivningane ikkje skal påverke perioderesultatet av ordinære aktivitetar. «Skyldnadsmodellen» gjer at sjølv investeringa skal førast som ein reduksjon i løyvinga det året innkjøpet skjer. Når verksemda deretter reknar og kostnadsfører avskrivningar som driftskostnad, skal eit tilsvarende beløp førast som inntekt, og ein får ein resultatnøytral effekt.

Kostnader

Kostnader ved verksemd som er finansiert av løyvingar eller midlar som skal handterast tilsvarande, er resultatførte i den perioden kostnaden kom på, eller når det er identifisert ein skyldnad.

Kostnader som vedkjem transaksjonsbaserte inntekter, er samanstilte med dei tilsvarande inntektene og kostnadsførte i same perioden. Prosjekt definerte som oppdragsarbeid er handterte etter metoden om kontinuerleg avrekning utan fortенeste. Fullføringsgraden er målt som forholdet mellom oppsamla kostnader og totalt estimerte kontraktkostnader.

Tap

Det er ikkje gjort noka generell vurdering knytt til latente tap i aktive oppdragsprosjekt. Eventuelle tap blir først konstaterte ved avslutninga av prosjektet, og er som hovudregel kostnadsførte når ei eventuell underdekning i prosjektet er endeleg konstatert. For aktive prosjekt der det er konstatert sannsynleg tap, er det sett av for latente tap.

Omløpskapital og kortsiktig gjeld

Omløpskapital og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet, i tillegg til postar som knyter seg til varestraumen. Andre postar er klassifiserte som anleggskapital og langsiktig gjeld. Fordringar er klassifiserte som omløpskapital dersom dei skal betalast tilbake seinast eitt år etter utbetalingstidspunktet.

Omløpskapital er vurdert til det lågaste av inntakskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varig driftskapital

Anleggsmiddel

Varige driftsmiddel er vurderte til inntakskost og blir avskrivne over driftsmidlets forventa levetid, men nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje blir rekna for forbigåande. Varige driftsmiddel blir balanseførte med motposten *Skyldnader knytte til anleggsmiddel*.

Skyldnaden som er etablert på investeringstidspunktet, blir oppløyst i takt med avskrivningane og utliknar dermed resultatverknaden av avskrivningane.

Ved realisasjon/avgang av driftsmiddel er gevinst/tap resultatført i rekneskapen. Gevinst/tap blir rekna som skilnaden mellom salsveder-

laget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet. Resterande bokført verdi av skyldnad knytt til anleggsmidlet på realisasjonstidspunktet er vist som *Utsett inntekt frå skyldnad knytt til investeringar, bokført verdi avhenda anleggsmiddel* i note 1.

Immaterielle egedelar

Eksternt innkjøpte immaterielle egedelar er rekna til inntakskost og avskrivne over driftsmidlets forventa levetid, men nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje blir rekna for forbigåande. Immaterielle egedelar er balanseførte med motposten *Skyldnader knytte til anleggsmiddel*.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap skjer på grunnlag av individuelle vurderingar av kvar fordring. I tillegg er det for kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje pårekna tap.

Pensjonar

Dei tilsette er knytte til Statens pensjonskasse (SPK). I rekneskapen er det lagt til grunn ei forenkla tilnærming, og det er ikkje gjennomført utrekning eller avsetning for eventuell over- eller underdekning i pensjonsordninga. Årets pensjonskostnad svarar til årleg premie til SPK.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved slutten av rekneskapsåret.

Verksemdskapital

NUPI kan berre tene opp verksemdskapital på oppdragsverksemda. Delar av midlane som blir tente opp innanfor oppdragsverksemda, kan først tilbake til og inngå i dei tilgjengelege midlane til verksemda for å dekkje drift, innkjøp eller andre saker innanfor formålet til instituttet. Midlar som gjennom interne disponeringar er øyremerkte slike formål, er klassifiserte som verksemdskapital.

Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den *direkte* metoden tilpassa statlege verksemdar.

Kontoplan

Standard kontoplan ligg til grunn.

Sjølvasurandørprinsipp

Staten er sjølvasurandør. Det er derfor ikkje inkludert postar i balansen eller resultatrekneskapen som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller skyldnader.

Statens konsernkontoordning

For statlege verksemdar gjeld statens konsernkontoordning. Konsernkontoordninga fører til at alle bankinnskott /utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane til verksemda i Noregs Bank. Bankkontoar utanfor konsernkontoordninga er presenterte på linja *Andre bankinnskott* i avsnitt IV i balanseoppstillinga.

Oppstilling av løyingsrapportering for 2014

Innestående på kontoar i kapitalrekneskapen

Konto	Note	2014	2013	Endring
6001/820203 Oppgjerskonto i Noregs Bank	17	31 841 403	37 634 317	-5 792 915

Midlar rapporterte i likvidrapport

Oppgjerskonto i Noregs Bank	Note	Rekneskap 2014
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	17	37 634 317
Endringar i perioden (+/ -)		-5 792 915
SUM utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	17	31 841 403

Samla tildeling i samsvar med utbetalingsbrev

Utgiftskapittel	Post	Samla tildeling
287 Forskingsinstitutt og andre tiltak	53 NUPI	4 494 000
287 Forskingsinstitutt og andre tiltak	57 Basisløyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt	16 072 000
SUM utbetalingar i alt		20 566 000

Notar til rekneskapen

Note 1 – Spesifikasjon av driftsinntekter

	2014	2013
Løyvingar frå Kunnskapsdepartementet*	20 566 000	20 205 000
– nytta til investeringsformål / varige driftsmiddel	–3 560 593	–414 496
+ utsett inntekt frå skyldnad knytt til investeringar (avskrivningar)	984 235	1 251 528
Sum inntekt frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet	17 989 642	21 042 033
* NUPI får delar av løyvinga frå Noregs forskingsråd, i 2014: 16 072 000 kr.		
Tilskot og overføringar frå andre departement	41 876 484	33 597 444
Sum inntekt frå løyvingar (linje 1 i resultatrekneskapen)	59 866 126	54 639 477
Tilskot/overføring frå Noregs forskingsråd	18 849 729	13 753 088
Overføring frå andre statlege oppdragsgivarar	3 540 335	3 164 000
Sum tilskot og overføringar frå andre statlege forvaltningsorgan	22 390 064	16 917 128
Tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet		
Kommunale og fylkeskommunale etatar		
Organisasjonar/stiftingar	154 893	171 353
Næringsliv/privat	97 876	73 484
EUs rammeprogram	1 325 992	1 301 527
Andre	1 516 702	137 789
Sum tilskot annan bidragsfinansiert aktivitet	3 095 464	1 684 153
Sum tilskot og overføringar frå andre (linje 2 i resultatrekneskapen)	25 485 527	18 601 282
Inntekt frå oppdragsbasert aktivitet		
Statlege etatar	244 485	1 131 454
Stiftingar		
Næringsliv/privat	3 128 193	4 091 787
Andre inntekter oppdrag	251 684	939 067
Andre salsinntekter	129 622	326 786
Sum sals- og leigeinntekter (linje 3 i resultatrekneskapen)	3 753 984	6 489 095
Sum driftsinntekter	89 105 638	79 729 853

Note 2 – Lønn og sosiale kostnader

	2014	2013
Lønningar	33 471 530	32 524 075
Feriepengar	4 134 558	3 992 916
Arbeidsgivaravgift	5 921 202	5 636 597
Pensjonskostnader	4 168 721	3 671 934
Refusjon av sjukepengar o.a.	-851 223	-1 126 639
Andre ytingar	1 186 912	1 802 071
Sum lønn og sosiale kostnader	48 031 700	46 500 954
Årsverk i alt	62	62

Auken i lønnskostnader illustrerer dels at prosentdelen seniorforskarar har gått opp, og dels at lønnsoppgjera dei siste åra har vore gode.

Pensjonskostnadene som er kostnadsførte i resultatrekneskapen, baserer seg på den faktiske premien frå Statens pensjonskasse i rekneskapsåret. Premiesatsen for 2014 har vore 14,35 prosent. I 2013 var han 13,41 prosent.

Lønn og godtgjersle til leiande personar

	Lønn	Andre godtgjersler
Direktør	1 108 269	16 035

Godtgjersle til styremedlemmer

	Fast godtgjersle	Godtgjersle per møte
Styreleiar	55 000	
Nestleiar	37 000	
Eksterne styremedlemmer	28 000	
Varamedlemmer for eksterne		7 000

Note 3 – Andre driftskostnader

	2014	2013
Husleige	4 911 385	4 795 339
Andre kostnader til drift av lokale	629 989	721 072
Mindre innkjøp av utstyr	2 477 707	1 931 615
Konsulentar og andre kjøp av tenester	4 436 438	4 177 198
Reiser og diett	5 577 304	5 796 335
Overført samarbeidspartnarar	19 235 019	12 823 664
Trykking, kopiering og utsendingar	769 794	917 919
Seminar, konferansar og møte	6 332 117	5 111 669
Aviser, bøker og tidsskrift	1 130 725	974 802
Andre driftskostnader	488 360	637 503
Sum andre driftskostnader	45 988 836	37 887 115

Posten «Overført samarbeidspartnarar» er beløp som blir formidla vidare til lokale samarbeidspartnarar, både i Noreg og i utlandet, for å gjennomføre pågåande prosjekt.

Kostnadslinja «Konsulentar og andre kjøp av tenester» gjeld både eksterne bidrag og leveransar i prosjekta våre (3,5 MNOK) og tenester som har med drifta av instituttet å gjere (IKT, web-utvikling og juridisk bistand). Posten «Seminar, konferansar og møte» er først og fremst knytt til prosjektaktivitetar og ikkje NUPI-interne aktivitetar.

Note 4 – Immaterielle egedelar

	Ny web
Inntakskost 31.12.2013	0
Tilgang per 31.12.2014	1 906 250
Inntakskost 31.12.2014	1 906 250
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2013	0
Ordinære avskrivningar i 2014	-202 241
Balanseført verdi 31.12.2014	1 704 010

Note 5 – Varige driftsmiddel

	IKT	Anna inventar og utstyr	Totalt
Inntakskost 31.12.2013	3 485 971	3 024 682	6 510 653
Tilgang per 31.12.2014	593 682	1 060 660	1 654 342
Inntakskost 31.12.2014	4 079 653	4 085 342	8 164 995
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2013	-2 851 224	-1 000 564	-3 851 788
Ordinære avskrivningar i 2014	-466 633	-315 361	-781 994
Balanseført verdi 31.12.2013	761 796	2 769 417	3 531 213

Note 6 – Finansinntekter og finanskostnader

	2014	2013
Agiovinning	5 672	
Sum finansinntekter	5 672	
Rentekostnad	3 578	19 289
Agiotap	2 277	11 479
Sum finanskostnader	5 855	30 768

Grunnlag for utrekning av rentekostnad på investert kapital:

	2013	2014	Snitt i perioden
Balanseført verdi immaterielle egedelar	0	1 704 010	852 005
Balanseført verdi varige driftsmiddel	2 658 865	3 531 213	3 095 039
Månader i alt på rapporteringstidspunktet			12
Gjennomsnittleg kapitalbinding i 2014			3 947 044
Fastsett rente for 2014			1,79 %
Utrekna rentekostnad på investert kapital			70 652

Utrekning av rentekostnader på den kapitalen som er investert i verksemda, blir her vist i samsvar med «*Utkast til veiledningsnotat om renter på kapital*».

Note 8 – Innskoten og opptent verksemdskapital (nettobudsjetterte verksemder)

Annan opptent eigenkapital:	
Annan opptent verksemdskapital 1.1.2014	5 259 945
Overført frå perioderesultatet	47 204
Annan opptent verksemdskapital 31.12.2014	5 307 148
Sum opptent verksemdskapital 31.12.2014	5 307 148

Nettobudsjetterte verksemder kan ikkje etablere verksemdskapital innanfor den løyvingfinansierte verksemda. Sjå note 15. Opptent verksemdskapital svarar dermed til resultatet frå oppdragsfinansiert aktivitet.

Note 13 – Kundefordringar

	31.12.2014	31.12.2013
Kundefordringar til pålydande	4 137 744	2 821 685
Sum kundefordringar	4 137 744	2 821 685

Note 14 – Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2014	31.12.2013
Reiseforskot	28 074	251 237
Andre fordringar tilsette	15 808	2 230
Forskotsbetalte kostnader	332 269	1 217 810
Andre fordringar	-87 262	14 066
Sum	288 888	1 485 342

Note 15 – Avrekning statleg og bidragsfinansiert aktivitet m.m.

	Avsetning 31.12.2014	Avsetning 31.12.2013	Endring i perioden
Inntektsførte løyvingar			
Utsett verksemd			
Kunnskapsdepartementet	1 412 164	4 642 725	-3 230 561
Andre departement	10 428 076	11 793 622	-1 365 546
Noregs forskingsråd	2 780 099	4 131 412	-1 350 413
Statsinterne ferieskyldnader	-69 539	-17 028	-55 511
Sum avsett del av tilskot til statleg og bidragsfinansiert aktivitet	14 551 700	20 550 731	-5 999 031
Korreksjon feriepengeskyldnader			52 511
Resultatført endring av avsett del av tilskot til bidrags- og løyvingfinansiert aktivitet			-5 946 520
Ikkje inntektsførte løyvingar			
Andre statlege etatar	-12 587	-92 026	79 439
Noregs forskingsråd	3 480 658	1 970 563	1 510 094
EU-prosjekt	327 866	451 122	-123 255
Andre	-103 230	883 626	-986 855
Sum ikkje inntektsførte løyvingar	3 692 707	3 213 285	479 423

Note 16 – Opptente, ikkje fakturerte inntekter / Forskotsbetalte, ikkje opptente inntekter

	31.12.2014	31.12.2013
Opptente, ikkje fakturerte inntekter		
Departement	16 157	128 176
Private oppdragsgivarar	678 789	410 642
Utanlandske oppdragsgivarar	8 902	242 873
Sum fordringar	703 847	781 692
Forskotsbetalte, ikkje opptente inntekter		
Departement	0	28 534
Private oppdragsgivarar	0	437 352
Utanlandske oppdragsgivarar	0	54
Sum gjeld	0	465 940

Note 17 – Bankinnskot og kontantar

	31.12.2014	31.12.2013
Innskot statens konsernkonto	31 841 403	37 634 317
Kontantar	6 753	7 577
Sum bankinnskot og kontantar	31 848 138	37 641 894

Note 18 – Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2014	31.12.2013
Skuldig lønn	204 588	250 366
Skuldige reiseutgifter	136 705	286 805
Påkomne kostnader	224 051	157 467
Anna kortsiktig gjeld	67 405	97 921
Sum	632 749	792 558

VIII. Årsrapport om likestilling

Likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a og diskriminerings- og offentleglova § 3 krev ei aktivitets- og forklaringsplikt av statlege verksemdar. Det skal gjerast greie for faktisk tilstand for kjønnsvariabelen, og det skal gjerast greie for iverksette og planlagde likestillingstiltak også når det gjeld variablane etnisitet, religion og nedsett funksjonsevne.

Tilstandsrapporten skal omfatte

- kjønnsfordelinga i verksemda totalt og på stillingsnivå
- kjønnsdelt statistikk over lønnstilhøva på stillingsnivå
- kjønnsdelt statistikk over arbeidstid (deltid/heiltid)
- kjønnsdelt statistikk over permisjonsuttak og sjukefråvær (medrekna fråvær som følgje av omsorg for sjuke barn)
- kjønnsdelt statistikk ved personalpolitiske satsingar, for eksempel seniorpolitiske tiltak og kompetansetiltak

Likestilling mellom kjønna

NUPI har eit mål om at kvinner står for minst 30 % av dei samla forskarårsverka. I tillegg har vi eit mål om å få fleire kvinner inn i leiande stillingar, både fagleg (kvinner med professorkompetanse) og organisatorisk (kvinnelege gruppeleiarar).

Som tabellen nedanfor viser, har vi nådd målet for prosentdelen kvinnelege forskarar.

Prosentdel kvinner av utførte forskarårsverk

	2011	2012	2013	2014
Forskarårsverk totalt	41,8	40,3	41,8	42,0
Forskarårsverk av kvinner	12,5	13,4	15,2	15,8
Prosent kvinner	30 %	33 %	36 %	38 %

Når det gjeld kvinner i leiande stillingar, har vi framleis eit stykke veg å gå. I 2014 har vi fått inn ein ny kvinneleg gruppeleiar i tillegg til den eine som er tilbake etter foreldrepermisjon. Det vil seie at NUPI ved årsskiftet har to kvinnelege gruppeleiarar av totalt seks.

I tabellen på neste side er leiinga definert til å vere arbeidsutvalet (AU) – som omfattar direktør, forskingsjef, kommunikasjonssjef, administrasjonssjef og ein av forskingsgruppeleiarane. Sistnemnde, som er kvinne, er tilbake etter fødselspermisjon, og vi har igjen eit AU på fem medlemmer der ei er kvinne, mot ingen kvinner i 2013.

I 2014 vart det store BALANSE-prosjektet, med delfinansiering frå Noregs forskingsråd, sett i gang. Målet for prosjektet er tre kvinnelege

seniorforskarar med professorkompetanse innan 2016, og at halvparten av gruppeleiarane på det tidspunktet skal vere kvinner. Vi ser allereie at prosjektet har – og vil få – mykje å seie både for dei som er omfatta direkte gjennom stipend, for alle dei som nyt godt av meir generelle tiltak, og gjennom den generelle stimuleringa og motivasjonen som følgjer av satsinga.



Kjønnsfordeling i ulike stillingstypar per 31.12.

	I alt 2013	Prosent kvinner 2013	I alt 2014	Prosent kvinner 2014
Totalt*	63	43 %	68	46 %
Leiarar (eksl. gruppeteiarar)	4	0 %	5	20 %
Forskarar med professorkompetanse	6	0 %	5	0 %
Seniorforskarar/ seniorrådgivarar	19	37 %	25	44 %
Forskarar/ stipendiatar	15	60 %	10	40 %
Vitskaplege assistentar	8	50 %	7	71 %
Administrasjon/ kommunikasjon	15	60 %	16	63 %

* Personar som er tilsette i bistillingar, er ikkje med i tabellen.

Som tabellen ovanfor og figurane 1 og 2 på neste side viser, er det ein høg prosentdel kvinner mellom yngre forskarar, vitskaplege assistentar og i administrasjons- og kommunikasjonsavdelinga. Vi har fått fleire kvinnelege seniorforskarar ettersom fleire kvinnelege stipendiatar har fullført doktorgraden gjennom fjoråret. Effekten av BALANSE-prosjektet vil venteleg gi effekt både i leiarkategorien og i professorkategorien etter kvart.

Ved årsskiftet var det 25 personar som hadde deltidsstilling på NUPI. Fleire av dei var tilsette i såkalla toarstillingar, der den tilsette har hovudstillinga si ved eit universitet eller ein annan forskingsinstitusjon. 13 av dei som hadde deltidsstilling var kvinner, dei fleste var unge og var engasjerte som vitskaplege assistentar.

Figur 1: Alder og kjønn, forskarar. $N= 50$ personarFigur 2: Alder og kjønn, administrasjons- og kommunikasjonsavdelinga. $N= 18$ personar

Snittlønn for ulike stillingstypar

	Kvinner i prosent av menn 2013	Gjennomsnittslønn menn 2014	Gjennomsnittslønn kvinner 2014	Kvinner i prosent av menn 2014
Totalt	86 %	49 849	42 988	86 %
Leiarar, ekskl. gruppeleiarar		66 431	51 125	77 %
Seniorforskarar med professorkompetanse		57 797		
Seniorforskarar/seniorrådgivarar	98 %	50 199	48 347	96 %
Forskarar/stipendiatar	99 %	40 949	41 371	101 %
Vitskaplege assistentar	101 %	34 967	33 427	96 %
Administrasjon/kommunikasjon	91 %	45 217	41 708	92 %

Bistillingar (toarstillingar, 20 %) er ikkje med i statistikken, og tala er ikkje korrigererte for ansiennitet og alder.

NUPIs lønnspolitikk er retta mot å fjerne alle lønnskilnader på grunn av kjønn. Tabellen viser at i den vitskaplege staben har kvinnene i snitt marginalt lågare lønn enn sine mannlege kollegaer. I kommunikasjons- og administrasjonsavdelinga er skilnadene litt større. Bakgrunnstala viser at dei lønnskilnadene vi har, skriv seg frå arbeidsoppgåver inkludert ansvar, utdanning og kompetanse, i tillegg til alder og ansiennitet.

Fråvær fordelt på menn og kvinner 2014

	Totalt	Menn	Kvinner
Legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær, prosent	2,7 %	1,6 %	3,4 %
Fråvær sjuke barn, dagar i alt	24	8	16

Det legemelde sjukefråværet er lågt, både for kvinner og menn. At prosenten er noko høgare hos kvinner, kjem av to tilfelle av lengre tids fråvær. NUPI har i 2014 jobba med rutine for registrering av eigenmeldt fråvær for å sikre at dette blir registrert.

Talet på registrerte fråværsdagar på grunn av sjuke barn er også lågt. Vi ser at kvinnene har registrert dobbelt så mange dagar som sine mannlege kollegaer.

Iverksette og planlagde likestillingstiltak

Dette punktet omfattar både likestilling mellom kjønn og mellom etnisitet, og ivaretaking av personar med nedsett funksjonsevne.

Rekruttering

- Mange av medarbeidarane på NUPI blir rekrutterte gjennom mellombels tilsetjingar i eksternt finansierte forskingsprosjekt. Både når ein søker om midlar til prosjekta, og når stillingane skal fyllast, er det viktig å tenkje på kjønn, etnisitet og at personar med nedsett funksjonsevne skal reknast med.
- Ved nyrekrutteringar skal det gjennomførast aktive søk med sikte på å finne kompetente kvinnelege og minoritetsspråklege søkerar, og å oppfordre dei til å søkje.

Lønns- og arbeidsvilkår

- Lønsskilnader som ikkje er sakleg eller fagleg grunnleggjande, skal handterast gjennom mekanismene i den lokale lønnsutforminga på instituttet.
- Kvinner og menn som kjem tilbake etter foreldrepermisjon, skal ha ei eiga lønnsvurdering for å sikre at slik permisjon ikkje fører til urimeleg lønnstap.
- Ein viktig faktor for lønnsutviklinga er kvalifisering for høgare stillingskategori. Gruppeleiarane skal arbeide systematisk med å utvikle karriereplanar for alle forskarane, særleg dei kvinnelege. BALANSE-prosjektet har som mål at tre seniorforskarar skal skaffe seg professorkompetanse i 2016.
- Arbeidet med å leggje arbeidsplassen til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne vil halde fram.

Utviklingsvilkår

- Det skal utarbeidast karriereplanar og mentorordningar for kvar tilsett, både i vitenskaplege og administrative stillingar.
- Eit eige program for oppfølging av medarbeidarar som ikkje meistrar norsk, og som er ukjende med den norske kulturen, er under utvikling.

Tiltak som gjeld religion

- NUPI har ein tolerant og ikkje-diskriminerande kultur, også når det gjeld livssyn og religion. Særlege behov vil bli følgde opp på individuell basis.

